

Bokn Bygdablad

Nr. 3 april 2014 – Årg. 29



Storstilt feiring – s. 3



SR-Bank legg ned – s. 5



Kunstgrasbane – s. 12



www.bygdabladet.no

KJERT PÅ **BOKN**





RDFØRAREN RDET

Kjære sambygding

Kommunereform i feil ende

Regjeringa sitt ekspertutval for kommunereform la måndag 31. mars fram rapporten sin. Konklusjonen var at dei norske kommunane burde ha minst 15.000 - 20.000 innbyggjarar.

Eg kan ikkje forstå anna enn at å setja eit tal på kor mange kommunar me skal ha, er å starta i feil ende. Mykje betre ville det vore å starta diskusjonen om kommunesamanslåing ute i kommunane sjølv. Slik ville denne prosessen få ei lokal forankring. Slik må det vera sidan i ein kommunereform fyrst må avklare kva oppgåver kommunane skal løyse i framtida. Sidan blir spørsmålet på kva måte dette skal skje.

Reformplanen til regjeringa har store manglar. Kommunane må vite *kva* dei skal diskutera og eventuelt slå seg saman til. Før ein kan diskutera struktur, må desse tilhøva klarleggjast:

- kva oppgåvefordeling ein skal ha,
- kva som blir fylkeskommunen si rolle,
- korleis ny kommunelov skal sjå ut og
- kva organiseringsformer som bør sanerast.
- korleis kommunane kan sikrast økonomi for løysing av framtidige oppgåver.

Når desse stega er klarlagde, er det mogleg for kommunane å vurdere om dei bør slå seg saman. Ved å sjå på eit steg om gongen aukar forvirringa.

Noreg har i dag korkje særskilt mange eller særskilt små kommunar.

Slik er det anten me målar areal eller folketal samanlikna med dei fleste europeiske landa. Verdiskapinga i dagens kommunar er god – nær det dobbelte av europeisk gjennomsnitt. Undersøkingar viser at innbyggjarane i mindre, norske kommunar er mest fornøyde med den kommunale tenesteytinga. I ein reformprosess må det gjennomførast ei vurdering om dagens kommunar fungerer tilfredsstillande, og få fram ulempene ved store kommuneiningar.

Statsråd Sanner trekk fram interkommunalt samarbeid som ei demokratisk utfordring når han argumenterer for kommunesamanslåing. Interkommunalt samarbeid er ikkje berre eit periferi- og småkommunefenomen. Store kommunar inngår i flest samarbeid over kommunegrensene. Samla sett svarar det økonomiske omfanget av interkommunalt samarbeid i Noreg til om lag ti prosent av kommunane sine driftsutgifter. Samarbeid og utveksling av informasjon og kompetanse mellom kommunar er ei viktig drivkraft for effektivitet og utvikling av kommunale tenester. Difor ser eg på interkommunalt samarbeid som positivt.

I veke 20 legg regjeringa fram Høgre-FrP-regjeringa sin fyrste kommune-proposisjon, og her vil ein også få ein samla presentasjon av kommunereforma.

Kommunalt næringsfond

Bokn kommune har gjennom fleire år fått tilskot frå staten til kommunalt næringsfond. Sidan 2008 har kommunen fått kr. 2.125.000 til næringsfondet. Frå 2014 var det slutt på desse



Statsråd Jan Tore Sanner hadde invitertert formannskapa på Haugalandet til rådhuset i Haugesund den 7. april.
Foto: Kyrre Lindanger.

midla. I tillegg er virkeområdet for distriktpolitiske virkemidlar endra slik at Bokn kommune heller ikkje vil få denne type midlar i framtida.

Næringsfondet har vore eit nyttig reiskap i arbeidet med å fremja næringsutviklingsarbeidet i kommunen, og då i første omgang til tilrettelegging og støtte til nyetableringar og dei minste bedriftene. Kommunen har dei siste seks åra hatt mange gode søknadar, og mange av søkjjarane har med hjelp av næringsmidla skapt seg sine eigne arbeidsplassar, i tillegg til at ein har bidrege til vidareutvikling av eksisterande verksemder i bygda. Difor synest eg det er beklageleg at kommunen ikkje vil få påfyll til næringsfondet.

Sjølv om formannskapet løyvde midlar i møte den 6. mai, er det framleis midlar til fordeling og det er inntil vidare høve til å søkje støtte frå næringsfondet.

Eg vil ynskja alle ein fin 17.mai og ei minnerik grunnlovsjubileum!

Ordføraren





17. mai 2014

Jardar Havikbotn



GRUNNLOVSJUBILEET 1814-2014

Årets 17. mai-komite markerer Grunnlovsjubileet på nasjonaldagen og slår på stortromma.

Dei lokale kreftene dominerer. Stikkord er jubileumsfrukost, jubileumssong, storstilt festtale, fleire leikeaktivitetar, skodespel, dobbel jubileumsfest, show, fyrverkeri og dans.

I samråd med ulike samarbeidspartnarar blant lag og organisasjonar blir det igjen kapproing om morgonen, med etterfølgande frukost. Kapproinga blir flytta frå Føresvik til Hålandssjøen og frukosten blir på Idrettshuset. Togslutt blir då etter korpskonserten ved sjukestova, noko som fører til at programmet på skulen startar tidlegare enn det som har vore vanleg dei seinare åra.

"Det går et festtog gjennom landet"

Programmet på skulen startar med mykje godlyd, når korps og stort barnekor framfører den nasjonale jubileumssongen "Det går et festtog gjennom landet". Songen vil også skrivast opp som allsong, så folk kan synga med på denne spesialskrivne melodien til Grunnlovsjubileet. Det blir også ei stor hending når heile fem tidlegare ordførarar skal halda tale saman med ordføraren.

17. mai-komiteen har i år oppfordra samarbeidspartnarar til å vera kreative, å tenka litt ekstra sidan det er Grunnlovsjubileum. Austre Bokn Bygdalag og Føresvik velforening er blant dei som har tenkt nye aktivitetar til nasjonaldagen. Førstnemnde introduserer høyballrulling og Føresvik velforening slår til med hesteskokasting. I begge desse nye konkurransane blir det pokalpremiar. Bokn

ride- og køyreklubb (BORK) sitt tilbud om barneridning er også tilbake igjen. I tillegg planlegger 17. mai-komiteen ei overrasking for barna, og det vil visa seg om dette lar seg gjera på årets største utedag.

Skodespel

Til denne historiske dagen har Birger Lindanger skrive eit skodespel som heiter "Bokn og 1814 - då boknarane tukta engelskmennene". Dette skal framførast av elevar frå 6., 7. og 8. klasse. Stykket er unikt for Bokn og blir veldig spennande, ikkje minst pga. at fleire av namna og replikkane i det to aktars-skodespelet er autentiske med tilgjengeleg nedskrive materiell frå den tida.

Nok ein samarbeidspartnar, Bokn musikkorps, er 50 år i år. Dette, samt Grunnlovsjubileet blir markert på folkefesten om kvelden. Torolf Nordbø blir med oss og skal vera konferansier, ha konsert og etter festen show med "Han Innante". Festen vil også innehalda korpsmusikk, korps-historikk, revyinnslag, Boknakoret og markering av Grunnlovsjubileet.

For ikkje å skapa forvirring: Torolf Nordbø er konferansier og opptrer som seg sjølv på jubileumsfesten. Ein halv time etter jubileumsfesten har han show som Han Innante. Du får kjøpt billetter ved inngangen.

Show, fyrverkeri og dans

Om ikkje dette var nok så blir det altså show med "Han Innante" og dans (15 år) til slutt. Det blir lokale "The Kvednabekkjers" som spelar opp til dans. Komiteen prøvde også å få til innslag med medlemmar frå dei tidlegare banda "Felix" og "Rapido",



Boknakoret skal synga på jubileumsfesten om kvelden.

men det lot seg ikkje gjera å få dette til. Mellom showet og dansen ynskjer Bokn kommune å markera Grunnlovsjubileet slik som nabokommunane gjer; å senda opp fyrverkeri. Dette blir på fotballbanen ved sida av skulen.

Forhåndssal av billetter

Billetter til show og dans (kr. 300,-) blir selde på Coop Marked Bokn. Her er det trykt opp eit begrensa opplag, og det lønner seg å vera tidleg ute dersom ein vil sikra seg billett.

Oppsummering, kveld

Jubileumsfest kl. 19.00 - 21.30
Han Innante kl. 22.00 - 23.00
Fyrverkeri kl. 23.00
Dans (15 år) kl. 23.30 - 02.00

Jubileumsfesten kostar kr. 100 (kr. 50 for barn, 16 år)
Han Innante-showet kostar kr. 100.

Billetter til desse arrangementa blir selde ved inngangen.

Billetter (Coop Marked Bokn) til show/dans kostar kr. 300.

Du kan riva ut komplett program for dagen i midten av bladet.

16 leilegheiter

Jardar Havikbotn

I Alvestadkroken er det planlagt 16 leilegheiter fordelt på fire bygg. Utbyggar er Askeland Eiendomsutvikling AS.

Byggmeister Olav Askeland seier til Bokn Bygdablad at det i første omgang skal byggast åtte husvære.
- Desse er forhåpentlegvis innflyttingsklare våren/sommaren 2015, seier Askeland.

Bruttoarealet på husa vil bli på 60m² og ein kan velja å ha to soverom eller eitt soverom og større stove. Søknad om husbankfinansiering er allerede sendt og bekrefta mottatt av Husbanken.

For alle aldersgrupper

Det blir bod inne, boder ute og carportar. Leikeplass vil det også bli på området. Bustadene skal passar godt for alle aldersgrupper, både unge i etableringsfasen, einslege, par og eldre.

Prisane er ikke fastsette, men Askeland Eiendomsutvikling AS satsar på prisgunstige leilegheiter.

Interesse

Det er sett opp eit informasjonsskilt ved vegen som går forbi området, og Askeland er fornøgd med at interesserte allerede har tatt kontakt. Han håpar at prosjektet hans vil vera eit positivt bidrag til å trekka nye folk til Bokn, samt at folk som har vakse opp i kommunen får meir å velja mellom når dei skal velja bustad.

Det er salstakten som bestemmer når dei to siste husa blir bygde.

- Viss salet tilseier det, blir desse bygde hausten 2015, avsluttar Olav Askeland.



Fasadeteikning



SR-Bank Bokn legg ned

Jardar Havikbotn

3. april avgjorde representantskapet i SpareBank 1 SR-Bank at kontoret i Bokn blir avvikla frå 1. juni i år. Ei betydeleg auke i bruk av digitale tenester er grunnen.

Sauda, Kvitsøy og Forsand mistar også SR-Bank. Åtte andre kontor i fylket får også reduserte opningstider. I fjor reduserte også SR-Bank antal leiarar, med mål om at max 10% av dei tilsette i personkundemarkedet skal vera leiarar.

Endringar i kundeåttferd

I følge banken skjer kun tre av 100 besøk kundane gjer, på eitt av bankens kontor, resten skjer digitalt og på telefon. På bakgrunn av dette gjer SR-Bank fleire justeringar av kontorstrukturen samtidig som dei framover skal utvida tilbodet og tilgjengelet i digitale kanalar.

Regiondirektør May Bente Olsen i SpareBank 1 SR-Bank, seier at dei vil



Det trengst nytt skilt framfor hovudinngangen til Bokn kommune på Boknatun etter 1. juni.

satsa tyngre og investera meir på nettbank og mobilbank. Dei skal også innføra CRM-verktøy som gjer at kvar tilsett kan handtera fleire kundar, med eit betre tilpassa tilbod. Å sikra at 75% av bankens rådgjevarar er autoriserte finansielle rådgjevarar innan 2015 står også på lista.

- Viss me skal nå ambisjonane våre om framleis god kundevekst kombi-

nert med meir fornøgde kundar, må me bruka ressursane annleis enn me gjer i dag. Kvar medarbeidar må betena fleire kundar, vera tilgjengelege i fleire kanalar og nytta den nye teknologien. Dessutan må me satsa tyngre på digitale kanalar – og me må spissa ressursane inn mot dei områda der det bur og jobbar mest folk, avsluttar regiondirektør May Bente Olsen.

Utlevering av matavfallsposar og plastsekker

Magnus T. Hauge

HIM (Haugaland interkommunale miljøverk IKS) har levert ut matavfallsposar og sekker til plastemballasje. Alle hushald og hytter i Bokn, Etne, Haugesund, Vindafjord og Tysvær skal ha fått slikt utstyr.

Abonentar som ikkje har fått posar eller sekkar kan henvenda seg til Servicsenter/tenestetorg i HIM-kommunane, eller ved eit av HIM sine betente mottak på Årabrot, Etne eller Toraneset. Di kan og kontakta

HIM for utlevering. Abonentar som ikkje har tatt kontakt innan 1. juni må sjølve kjøpa detta.

Berekna forbruk for ein familie er tre matavfallsposar kvar veke og ein plastsorteringssekk kvar 4. veke. Om du har større forbruk enn dette, vil du gå tom for sekkar og/eller posar før HIM deler ut nye neste vår. Posar og sekkar kan kjøpast ved HIM sine betente mottak eller ved Servicsenter/Tenestetorg i HIM-

kommunane. I tillegg sel mange daglegvarebutikkar matavfallsposar.



TellTur

Jardar Havikbotn

Likar du å gå tur, få registrert turen og vera med i konkurranse om fine premiar? Då må du lesa vidare.

1. mai starta friluftsrådene sitt landsdekkande elektroniske turregistreringssystem, TellTur. Friluftsrådet Vest har opna for registrering av turar på Haugalandet. Nærmare 50 turar i Bokn, Karmøy, Sveio, Tysvær og Vindafjord er lagt inn i systemet og har fått sin kode på turmålet.

Du må registra deg som brukar på www.telltur.no for å kunna bruka registreringssystemet. Turane kan registrerast på sms eller direkte på nettet.

Tre turar klare

Til nå er er det utplassert kodar til tre turar på Bokn. Det er Boknahåve (10 poeng), Boknafjellet (5 poeng) og rundt Turstien (Føresvik turveg - 5 poeng). Det er venta at det kjem kodar på to turar til om ikkje så lenge.

Forutan å finna turmål og registrera resultatane dine på www.telltur.no, kan du konkurrera med deg sjølv eller med andre turgåarar om å nå fleire mål. Klikk «Velg turmål»/«Finn turmål» og klikk deg fram til ditt område for å sjå kva for nokre turmål som finst og bli med på tur!



På bildet er koden utstroken, men du finn han på Turstien - ved krysset med traktorvegen.

Registrering

1. Registrer deg som ny brukar ved å klikka «Logg inn/ registrer» i den grønne toppmenyen. Når du har registrert deg, får du tilsendt passord på e-post.
2. Logg deg inn og klikk på velkomsthelsinga øverst i høgre hjørne i sort meny. Legg inn informasjon om deg sjølv. Då kan du også endra passordet. Hugs mobilnr. ditt viss du vil bruka sms til registrering.
3. Finn turmål ved å klikka på den blå boksen (eller oppe i grøn meny), der får du vita det du treng om turmålet. Kos deg på turen. På turmålet vil du finna ein kode som du enten kan senda inn på sms til 2401 med kodeordet TELLTUR (kr. 5,-) eller du kan gå inn på nettsida og registrera kodane.

Kulturkalenderen

Mai

- 17. Gudsteneste kl. 10.30
- 23.-24. BOKN KFUK-KFUM Speidarar: Overnatting i Oppdagarskogen
- 23.-25. BOKN KFUK-KFUM Speidarar: Tur til Vågholmen for Vandrarane
- 24.-25. BOKN KFUK-KFUM Speidarar: Blikshavn-leir for Stifinnarane
- 25. Gudsteneste i Loten kl. 11.00, felles for Bokn og Tysvær
- 27. Soknerådsmøte på Bedehuset kl. 19.30
- 29. Bokn Pensjonistforening har møte i Allrommet, Boknatun kl. 17.30
- 30. Kino i Auditoriet

Juni

- 01. Bedehuset: NLM kl. 19.00

- 03. BOKN KFUK-KFUM Speidarar: Felles avslutning for speidarane
- 04. Bokn sanitetsforening: Basar på skulen kl. 19.00
- 08. Gudsteneste i Tysvær kl. 11.00, felles for Bokn og Tysvær
- 09. Bedehuset: Normisjon kl. 19.00
- 15. **Tur til Oksebåsen - sjå s. 20**
- 22. Gudsteneste kl. 11.00
- 28. **BoknOppNed - sjå s. 12 og 19**
- 29. **Bokn bygdemuseum har ope - sjå s. 20**

Juli

- 12. **Marknadsdag kl. 11-15 - utedans om kvelden**
- 13. Gudsteneste kl. 13.00

August

- 03. Gudsteneste kl. 11.00

Bokn Bygdablad for 20 år sidan

FRÅ NR. 3 1994

FLYKTINGAR TIL BOKN?

Utlendingsdirektoratet har i siste del av mars kome med skriftleg forespurnad til Bokn kommune om å ta imot flyktningar i 1994. Kommunane i Rogaland har vore av dei mest positive til å ta i mot flyktningar, og i denne omgang er det 6 nye rogalandskommunar som er spurde om å ta i mot flyktningar i 1994, mellom desse er Bokn og Rennesøy.

Dei fleste som skal busetjast, er flyktningar frå Bosnia-Hercegovina. Det vil vera behov for å busetja mellom 12.000 og 15.000 flyktningar i Noreg i 1994, og Utlendingsdirektoratet ber alle kommunar om å busetje flyktningar. Det vil også bli behov for busetjing av mange flyktningar i 1995.

Tanken er at dei bosniske flyktningane skal venda tilbake til heimlandet når det blir fred, men dette kan også ta tid. Kommunane vert derfor bedne om å planleggja både med tanke på at flyktningane vil

venda tilbake, og på varig opphald i Noreg.

Utlendingsdirektoratet ber om skriftleg svar frå kommunen innan midten av mai, og dei ber då også om ein førebels tempoplan for busetjing i 1994, og ein omtale om korleis kommunen vil leggja til rette naudsynte tiltak med omsyn til bustad, norskopplæring, helsetenester m.v. Det vert understreka at det er viktig å tilretteleggja gode oppvekstvilkår både gjennom bumiljø, skuletilbod og tilbod til førskulebarn. Også kvalifisering for arbeidsmarknaden er ei viktig oppgåve.

Det er altså fleire tiltak enn berre bustader som skal leggjast tilrette ved eventuelt mottak av flyktningar.

I Rogaland er det til nå berre Forsand kommune av dei minste kommunane som har noko erfaring med mottak av flyktningar. Bokn kommune har ikkje tatt stilling til forespurnaden ennå.

Nina Nesheim på besøk

Tekst: Anne Ottem - foto: JH

Vi i barnehagen var ikke helt sikre på hva som ville komme, vi hadde hørt at det skulle være en dame i auditoriet, og hun skulle lese noe? Så kom vi inn og satte oss, litt spente. Og fikk servert et utrolig flott eventyr, som vi fikk være litt med på å fortelle! Nina Nesheim var svært flink å fortelle, og barna (og de voksne) satt med ørene "på vid vegg". Dragen i historien ble levende, og folkene i landsbyen hadde vår fulle medlidenhet. Det gikk så altfor fort, og vi ville ikke at det skulle slutte, men sånn er det. Og eventyret endte godt.

Tusen takk for en fantastisk stund.



Nina Nesheim var veldig flink.

Omsetning av

eigedomar i Bokn

Føresvikvegen 185 (Gnr 11, bnr 8) er solgt for kr 100.000 fra Margit Alvestad til Jan Magne Alvestad

(04.03.2014)

Arsvegen 157 (Gnr 15, bnr 5) er solgt for kr 3.300.000 fra Ragnhild Laupland til Lars Kristian Sønneland

(25.03.2014)

Gnr 2, bnr 11 er overdradd for kr 300.000 fra Bjørn Arve Utseth til Jan Arve Hodne og Nina Hodne

(31.03.2014)

Borgenvik Hytteområde 27 (Gnr 10, bnr 56) er overdradd fra Rosa Laila Lie til Silje Iren Lie

(01.04.2014)


Gnr 23, bnr 24 er solgt for kr 200.000 fra Eline Theodora Trosnavåg Hatteland til Finn Reidar Alvestad og Ragna Alvestad

(02.04.2014)

Føresvikvegen 17 (Gnr 9, bnr 19) er overdradd fra Else Amalie Nilssen til Else Kristine Nilssen

(07.04.2014)

Kjelde: Statens kartverk



Fredag 28. mars arrangerte Petra fritidsklubb Bad Taste Party!

Totalt var det 10 ungdommar denne kvelden, men sjølv om me ikkje var veldig mange, vert det knallkjekt med mykje lått og løye, og ei god stemning!

På Bad Taste Partyet skulle ungdommane kle seg ut i dei "verste" kleda dei kunne, og vi kåra ein vinnar som fekk premie (Freia melkesjokolade-hjerter).

Gratulera, Roar Sæbø! 😊

Me hadde også ein dansekonkurranse der ein skal danse når musikken er i gong, og stoppe og stå heilt i ro når musikken er stoppa.

Gratulera til Emilie Alvestad Espeland som vann dansekonkurransen! 😊



Juniordisko for 1.-4. klasse og 5.-7. klasse 😊



Sidan minikonferansen i 2012 har det vore eit ynskje frå borna om å arrangere juniordisko. Og sidan den gong har det blitt arrangert juniordisko ein gong om våren og ein gong om hausten kvart år.

Denne våren var det lov å vrikke på dansefoten att! Fredag 11. April og laurdag 12. April braka det laus for ein ny juniordisko! Petra fritidsklubb arrangerte juniordisko for 1. - 4. klasse på fredagen, og 5. - 7. klasse på laurdagen.

Invitasjonar vart sende ut til dei ulike klassane ei veke før på måndagen. Foreldre kunne komme gratis om dei ville følgje med borna 😊 På fredagen for 1. - 4. klasse vart det stort oppmøte! Totalt 28 born kom denne kvelden.



Teiknekonkurranse med tema påskekylling.

Her vart kveldens aktivitetar dansekonkurranse, og teiknekonkurranse med tema påskekylling. I teiknekonkurransen skulle det kårast både finaste jente teikning og finaste gute teikning. Premie til vinnarane: påskeegg, nam nam!

Gratulera Kristine Vågen Alvestad som vann dansekonkurransen! 😊

Gratulera Ole Johan Øvrebø og Alida Vågen Alvestad som vann teiknekonkurransen! 😊

På laurdagen var det juniordisko for 5-7 klasse. Her vart det litt mindre oppmøte enn på fredagen, men for ein kjekke kveld! Kveldens aktivitetar var dansekonsurransse og quiz med premie til vinnarane! På quizen blei borna delt inn i ulike grupper og måtte svare på 20 spørsmål.

Gratulera Vetle Løvereide Faye som vann dansekonsurransen! 😊

Gratulera Fredrik Våga, Emil Bokneberg og Vetle Løvereide Faye som var gruppa som vann på quizen! 😊

Etter dei ulike aktivitetane fekk borna lov å gjere det dei hadde lyst til. Nokre spelte Wii og playstation,



Dansekonsurransse

andre spelte twister, mens nokon ville høyre på musikk og danse, spele biljard, brettspel, eller berre slappe av å vere saman med vener.

Tusen takk for hjelpa til Bianca Alvestad som var foreldrevakt på fredagen, og Elisabet Taraldlien som var på laurdag!

Flinke konfirmantar

Tekst: Jan Magne Moi - foto: JH

Mange spente foreldre, besteforeldre og andre frå kyrkjelyden var søndag 27. april samla til «ung messe» i Bokn kyrkje.

Konfirmantane hadde førebudd gudstenesta godt. Nokre hadde teikna bilete som skulle understreke preiketeksten på ulikt vis, medan andre dramatiserte teksten. Konfirmantane deltok også med eigne skrivne bønner til å erstatte dei tradisjonelle.

Flott gudsteneste fekk si fortsetjing i bedehuset der kjellaren vart fylt til siste sete. Her var etter god tradisjon, samling med pizza, bordkonkurranssar, kaker og kaffi. På vegne av alle konfirmantane takka ein av dei pressten for ei kjekk konfirmanttid.

14 flotte konfirmantar blei konfirmer-te 4. mai og er takksame for konfirmasjonsåret.



Glimt frå gudstenesta:



20 års-jubileum

Jardar Havikbotn

Under gudstenesta 27. april fekk prest Arne Aurdal varme ord og blommar frå soknerådsleiar Sigrunn Hole Hosaas. Aurdal har passert 20 år som prest i Bokn, og avslutninga av det 20. konfirmantkullet hans i kommunen var ei fin anledning til å markera dette.

Erna Aksdal, fødd 17. juni 1920, døydde på Bokn sjukestove 9. mars 2014.

Erna blei fødd på Alvestad. Då ho var tre år gamal flytta familien til Våga, der foreldra Marton og Anna Våge overtok ein gard. Ho voks opp med storesøster Borghild og lillesøster Astrid.

Aller best lika Erna å vera med ute og arbeida på garden, ho var ikkje redd for å ta i eit tak når det trongst. Ho hadde godt humør og har fortalt mang ei historie om skøyarstrekane dei gjorde i ungdommen, til stor glede for familien.

21 år gamal gifta ho seg med Leif Aksdal, og dei bygde huset på Aksdal. Etterkvart blei det seks barn å gle seg over. Men det var også ei strevsam tid ettersom Leif var mykje ute på fiske og seinare frakteskuta. Erna var husmor og likte hage - og handarbeid. Ho sette stor pris på familien sin og gledde seg stort over dei små barna.

I 1970 omkom Leif på sjøen, då frakteskuta *Joma* gjekk ned utafor Jomfruland. Det var eit stort tap og sjokk for henne, som prega ho i all tid. Tre menn frå Austre Bokn omkom, og Leif og nevøen hans blei aldri funne. Erna fekk derfor inga grav å gå til. Ho satt igjen med tre mindreårige barn heime.

Ettersom åra gjekk klarte ho igjen å gle seg over livet. Erna var svært ungdommeleg og likte å kle seg fint. Ho likte også lett populærmusikk, og gjekk jevnleg å dansa i Stavanger. Erna sette og stor pris på sydenturane ho hadde med venninna.

Men det gjevaste var besøk av barn, barnebarn, oldebarn og seinare tippoldebarn. Erna var då ivrig med i leik og spel, til stor begeistring for barna. Ho hadde også stor glede av å sjå bilete av dei små.



Fleire av barna hadde ho buande rundt seg, og ho hadde dagleg besøk. Også seinare, det siste året på sjukeheimen. Der fekk ho også besøk av vener, noko ho sette stor pris på.

Erna har gjennom sin omsorgsfulle veremåte vore eit naturleg samlingspunkt for alle i familien.

Erna etterlet seg seks barn, 15 barnebarn, 22 oldebarn og seks tippoldebarn.

Sport

Seniorløpar

Jardar Havikbotn

Boknar og langdistanseløpar i no-regstoppen, Janne Elin Vatnaland, som spring for Stavanger friidrettsklubb, er inne i sitt første år som seniorløpar.

Siste helga i mars var ho med i halvmaraton i Berlin, og kryssa mållinja

1:25:31. Det er berre nokre få sure sekundar etter si eiga bestetid. Med den tida blei Janne Elin tredje beste norske dame, fekk 12. plass i sin klasse 23-29 år, 25. plass av 7.852 damer og 477. plass totalt av dei ca . 17.000 som fullførte.

Første helga i april debuterte ho i NM i terrengløp, med ein 10. plass!

Gratulerer, kva blir det neste?



Foto: Privat



Nytt fra Bokn idrettslag



Cup-feber

Søndag 20. april var Bokn sitt G11 lag og herjet med karmøybuen på Bendit Cup på Avaldsnes.

I strålende sol, men med en heller kald vind hadde vi en kjempekjekk dag på Karmøy.

Det var trist for Avaldsnes som gikk på et heller bittert nederlag mot Bokn; 1-2 ble resultatet.

Det gikk jo bedre for Kopervik som slo oss. Det kom vi heldigvis ganske kjapt over, og etter et par bananer (det var sukkerfri cup) hadde vi en kjempekjekk kamp mot Nord. Der ble det 4-3 til oss.

Alle gjorde en kjempeinnsats.

Hilsen fotballjungen, og trenerne Erik og Alf Åge.



Foran fra venstre: Vetle, Torbjørn og Kristoffer.

Bak fra venstre: Fredrik, Sindre, Isak, Emil, Kenneth og Oliver.

Vikeputten Cup

Henriette Lindanger

Lørdag 26. april var det en spent og forventningsfull gjeng av 7 og 8 åringer som dro av sted på sin første cup. De yngste spillerne (1-2 klassinger) har hatt fotballtreninger siden i høst, 1. klassingene begynte etter jul. Dette var også første gang de spilte kamp mot et annet lag.

Det var strålende sol i Vikebygd denne dagen og et bra arrangement. Alle spillerne hadde fått på seg sine splitter nye spilledrakter fra Bokn idrettslag, noe som var stor stas. Til tross for en del tap, så var motivasjonen og humøret på topp hos alle spillerne. Dette syntes de var gøy! Vi delte spillerne opp i to lag denne dagen slik at de fikk spille mest mulig. Til sammen fikk Bokn 14 mål og vant 1 kamp. Ungene var storfornøyde med innsatsen og fikk velfortjent medalje til slutt.



Bak fra venstre: Elise Kro Birkeland, Anna Larsen, Ole Christian Hervik-Aksdal, Naol Tesfaye Lundervold, Albert Lindanger, Shawn Skjelde og Stian Øvrebø.

Foran fra venstre: Henrik Ognøy Våge, Johannes Alvestad, Ole Magnus Apenes Pedersen, Anders Larsen Og Sander Sæbø. (Trym Karoliussen, Marielle Alvestad Og Thea Espeland hadde dessverre ikke mulighet til å være med denne dagen)

Nå har laget nettopp begynt med serierkamper og skal også delta på Kårstø Cup 1. juni.

Hovedtrener: Frode Våge. Hjelptrener/oppmann: Henriette Lindanger

BoknOppNed 28. juni

Trond Vatnaland

Det er meget god aktivitet i Bokn IL for tiden og 28. juni er det igjen tid for Mosjonsdag med marsj, barneløp og løpet Bokn OppNed. Det blir som før start/mål, garderobe, parkering og cafe på idrettshuset. Alle er velkomne, publikum er nesten like viktig som deltakere.

For de som ikke ønsker tidtaking, er det selvfølgelig åpent for å «utvide» marsjen til å gå/jogge/løpe hele løypa til Bokn OppNed for å smake på utfordringen og stille på løpet neste år. Husk det er et fåtall som ikke går deler av løypen under Bokn OppNed og det er ingen maks tid.

Kunstgressbane på nærmiljøanlegget

Bokn IL vedtok på årsmøtet tidligere i år at vi skulle prøve å få til kunstgressbane på Fyren der det nå er en grusbane. For å få til det trengs det først og fremst penger, gaver, spon-sing og en hel del dugnad.

Banen har et budsjett på 1200000. Finansieringen er nesten i boks, i alle fall har vi fått samlet inn så mye at vi

kan gå i gang med å bygge. Banen er tegnet og prosjektert.

Sponsorer

Idrettslaget søkte Sr-Bank 1 om støtte, og de syntes prosjektet var så bra for barn og unge i Bokn at de besluttet å gi oss 50 000 kr. Videre har Amrok i Espevik gitt oss 200 tonn med bærelag som skal dan-ne underlag for kunstgresset helt gratis. Vassbakk og Stol kjører bærelaget gratis fra Espevik til Bokn. Så er fotballgruppen så heldig at vi får hele overskuddet fra utedansen på Marknadsdagen uavkortet til kunstgressbane.

Vi vil oppfordre bedrifter og privatpersoner både i og utenfor kommunen til å bidra slik at vi kan få dette til.

Dugnad

I helgen 2.-3. mai var første dugnad på banen, det som stod på programmet da var å få felt de store granene på nordsiden av banen. Disse var blitt så store at de var begynt å dette ned. Røttene holdt også på å ødelegge dreneringen.

Vi satser på mange villige og hjelpsomme dugnadssjeler fremover både når det gjelder vakter til dans, Steinsvikriddet og arbeidskraft på banen.

Hilsen prosjektansvarlige kunstgressbane, Erik Våga og Alf Åge



Bokn sanitetsforening

hadde årsmøte 24. februar på allrommet.

Vi bandt fastelavensris og årsmelding ble lest opp. Etterpå var det mat og kaffi.

Til slutt ble det diskusjon hvorvidt vi skulle involvere oss i tiden fremover. Vi "gamle" er trøtte og leie og har ikke mer å tilby. Ungt friskt mot må til. I fremtiden blir det foreningskvel-der som før med basar en gang i året, og kanskje felles forening

høst og vår samt binding av fastelavensris.

Det blir slutt på utdeling av sykkelhjelmer til 5. klasse og blomster til de over 80 år og de på sjukehjemmet til jul. Nei til servering av mat og kaffi til arrangement i bygda.

Det har blitt bevilga penger til:

- Flomofre på Filipinene 10.000
- TV aksjonen 10.000
- Veiledningssenteret 6000

- Forskning på psykiske lidelser 3000
- Revmatologi 2000
- Forskning for barn og unge 1000
- Kreftfondet 6000
- Kvinne medisinsk forskning 3000

Det blir og støtta pensjonister og uføre medlemmer til fotpleie.

Hilsen Reidun Grønnestad.

NORGE I RØDT, HVITT OG BLÅTT

Hvor hen du går i li og fjell en vinterdag,
en sommerkveld ved fjord og fossevell,
fra eng og mo med furutrær,
fra havets bryn med fiskevær
og til de hvite skjær,
møter du landet i trefarvet drakt,
svøpt i et gjenskinn av flaggets farveprakt.

Se, en hvitstammet bjerk oppi heien
rammer stripen på blåklokker inn
mot den rødmalte stuen i veien;
Det er flagget som vaier i vind.
Ja så hvit som det hvite er sneen,
og det røde har kveldsolen fått,
og det blå gav sin farve til breen,
det er Norge i rødt, hvitt og blått.


En vårdag i en solskinnstund på benken i
Studenterlund der sitter han og hun,
to unge nyutsprungne russ,
to ganske nylig tente bluss,
i tyve grader pluss.
Hun er som en gryende forsommerdag
som farves av gjenskinnet fra det norske flagg.

Ja, så hvit som det hvite er kjolen,
og så rødt som det rø` hennes kinn,
hennes øyne er blå som fiolen,
hun er flagget som vaier i vind.
Han har freidig og hvitlugget panne,
og en lue i rødt har han fått.
Med en lyseblå tiltro til landet
står vår ungdom i rødt, hvitt og blått.

17. mai 2014



GRUNNLOVSJUBILEET 1814-2014



NASJONALSONGEN

1. Ja vi elsker dette landet som det stiger frem,
furet, værbitte over vannet med de tusen hjem,
elsker, elsker det, og tenker på vår far og mor
og den saganatt som senker drømme på vår jord,
og den saganatt som senker, senker drømme på vår jord.
5. Norske mann i hus og hytte, takk din store Gud!
Landet ville han beskytte, skjønt det mørkt såg ut.
Alt hva fedrene har kjempet, mødrene har grett,
har den Herre stille lempet, så vi vant vår rett.
Har den Herre stille lempet, så vi vant, vi vant vår rett.
6. Ja vi elsker dette landet som det stiger frem,
furet værbitte over vannet, med de tusen hjem.
Og som fedres kamp har hevet det av nød til seir,
også vi, når det blir krevet for dets fred slår leir.
Også vi, når det blir krevet for dets fred, dets fred slår leir.

PROGRAM 17. MAI 2014 - GRUNNLOVSJUBILEET 1814-2014

06.30	Salutt frå Boknafjellet
08.00	Kapproing i Hålandssjøen
09.00-10.30	Jubileumstrukost i idrettshuset ved fotballbanen - kr. 50/25 (16 år)
10.30	Gudsteneste i Bokn kyrkje
11.15	Oppstilling til folketog Folketoget går frå kyrkja, veg om barnehagen til Boknatun
11.40	Musikkorpet spelar ved Boknatun
12.00	Kiosksal og matservring startar på skulen
12.30	På skulen: Velkommen ved Eiliv Stralesen Allsong: <i>Det går et festtog gjennom landet</i> Festtale ved ordføraren og tidlegare ordførarar Allsong: <i>Norge i rødt, hvitt og blått</i>
13.30	Trialoppvisning
13.45	Leikar for barn og vaksne
15.00	Skodespel: "Bokn og 1814 - då boknarane tukta engelskmennene"
15.30	Trekingar – premieutdeling Avslutning – allsong: <i>Ja, vi elsker</i>
19.00 - 21.30	Jubileumfest (enkel servering) - inngang kr. 100/50 Bokn musikkorps 50 år, musikk, korpshistorie, revyinnslag Boknakoret, Torolf Nordbø, Grunnlovsjubileet Show m/ <i>Han Innante</i> - inngang kr. 100 Fyrverkeri
22.00 - 23.00	Dans med <i>The Kvednabekkers</i> - Bill. Show/dans kr. 300
23.00	
23.30 - 02.00	

Bokn musikkorps	-	korpsmusikken, tombola, pili- og ballkast, jubileumfest, dans
Bokn båtforening	-	kapproing i Hålandssjøen
Bokn skytterlag	-	luftgeværskyting
Bokn KFUK-KFUM Speidarar	-	karusell
Bokn idrettslag	-	jubileumstrukost, trial, kiosk, barmelekar
Bokn hagelag	-	pynting
Havnavegen velforening	-	lykkehjul, popcorn
Austre Bokn Bygdalag	-	spikerstång/høyballrulling
Føresvik velforening	-	hesteskokasting
BORK	-	barneriding
9. Klasse	-	middag, kaker, kaffi, mat dans

VEL MØTT TIL EIN FIN NASJONALDAG

Helsing 17. mai-komiteen 2014

KONGESONGEN

Gud sign vår konge god
Sign han med kraft og mot
Sign hjem og slott!
Lys for ham ved din ånd
knytt med din sterke hånd
hellige trokapsbånd
om folk og drotti!



GRUNNLOVSJUBILEET 1814-2014





DESSE SKREIV SEG INN PÅ SKULEN 25. APRIL:

Frå venstre, Linn Kristin Aspenes Pedersen, Lars Erik Øvrebø, Jarl Kro Medhaug, Magne Røsdal Lund (stående bak), Andreas Grønnestad Alvestad, David Kien Thich Bothe, Noah Hesthammer, Runar Alvestad, Helle Løvereide Faye, Line Øvrebø, Emilia Ufnal, Sanne Øvrebø, Lisa-Ayne Tesfaye Lundervold og Ørjan Oliveren.

Serie

Eg seie meg så

Denne gongen slo Anne Marie Medhaug til med imponerende ni poeng. Det heldt likevel ikkje mot dagsentergjengen som fekk alt rett. Og kjenner me Andor Borgenvik rett, kjem han grusomt tilbake.

Det var ikkje noko uttrykk som ser ut til å ha vore særskilt problematisk. Nokre sleit med *ein fjug* og andre med *klessa*. Men alle kjende uttrykket *å halda sorren* og *å krakka* som ikkje kan seiast å vera heilt vanleg i dagleg-talen i Bokn i dag.

Forklaringane:

- | | |
|-----------------|---|
| 1. skrabbalyng | gammal lyng som blei bruka som gryte-skrubbar, sopolimar osv. |
| 2. klessa | sludd, våt snø |
| 3. drågslede | slede med lange meier under |
| 4. ute og flåda | ute på vift |
| 5. halda sorren | halda oppe tempoet, halda ut |
| 6. naglabeled | frosne fingrar |
| 7. smaladreba | våt snø om våren som kjem under og rett etter lemminga |
| 8. å bassa av | å ta av det øvste laget når ein skal spa torv |
| 9. å krakka | å setja to torver mot kvarandre til tørk |
| 10. ein fjug | å lø opp torvstakkar til tørk |

MÅNADENS UTTRYKK

Kva betyr...

1. å vera skjersette
2. å vera avleda
3. småttå
4. å ha sylvtunga
5. heise
6. på fadlande fod
7. ein begengel
8. å tåda
9. bitten
10. å bregda

**Forslag til forklaringar kan leverast
Bokn Bygdablad innan 26. mai.**

Resultat:

Dagsenterdamene	10 poeng
Anne Marie Medhaug	9 poeng
Andor Borgenvik	7 poeng

Ein stor takk også denne gongen til Helge Laupland og Leif Vatnaland for gode bidrag. Men kvar blir det av dykk jenter. Ta kontakt med uttrykk som slår mannfolka til bakken!

Friluftstuka våren 2014 i barnehagen

Anne Ottem

I uke 14 hadde vi friluftstuke igjen, og vi fikk et fantastisk flott vær med sol hele uka! Snakk om å velge rett uke...

Og fordi det var nordavind, måtte vi likevel kle oss godt. I år har vi også den kommunale bussen tilgjengelig, i og med at Silje har tatt sertifikat i høst. Det gjorde at vi tok noen turer til Speiderskogen. Her lærte vi å sortere søppel, for natursvin vil vi ikke være... I Speiderskogen er det noen flotte nett, og andre ting å klatre i - det er supert med motoriske utfordringer!

På nærmiljøanlegget grilla vi pølser og lærte hvordan vi skal få flate steiner til å sprette oppå sjøen. Det var gøy...:) Vi fant småkryp i vannkanten, og spilte fotball og. På naturstien blei det spikka barkebåter, og tenk, de fløt av gårde på vannet i bekken.

Barna gikk på skattejakt på Lamparhaugen og i den gamle barnehagen, og her fant vi også småkryp og rare pinner.

I løpet av uka ble det fortalt forskjellige eventyr på alle gruppene, og matlaging ute er alltid populært.

Når blir neste utelivstuke tro? Vi har det så fint på tur at det kan ikke bli lenge til!!

Glimt fra uka:



Utviding av maksimal tillat biomasse på lokalitet 17575 Tallaksholmen i Bokn kommune - høyring

Grieg Seafood Rogaland AS søkjar om løyve til utviding av maksimal tillat biomasse (MTB) frå 3600 tonn til 4680 tonn MTB på lokalitet Tallaksholmen i Bokn kommune. Lokaliteten ligg i eit område avsett til akvakultur i gjeldande kommuneplan.

Endring av MTB vil ikkje føre til endring i arealbruk.

Søknad med vedlegg er lagt ut til offentleg ettersyn i servicetorget på kommunehuset, og på heimesida til Bokn kommune; www.bokn.kommune.no.

Eventuelle merknader til søknaden kan sendast til Bokn kommune, Boknatun, 5561 Bokn eller post@bokn.kommune.no innan 6. juni

Ting må venta

Utgjevinga av Bokn Bygdablad konkurrerer jevnleg med andre oppgåver på kulturkontoret. Denne våren har dette m.a. vore arbeid i 17. mai-komiteen. Her er det ekstra stort trøkk i år pga. Grunnlovsjubileet.

Dette forseinka april-nummeret blei då slankare enn planlagt, og artklar som kjem neste gong er m.a. frå BoknOpp 26. april, Kvednabekkers-konserten 5. april, frå politiske møter og ny serie.

Den nye serien er ført i pennen av Birger Lindanger og har fått tittelen **Med båt til Bokn - Båtar i rute frå hjuldamparen Ryfylke til bilferja Boknafjord**. Det er berre å gle seg!

- redaktøren -


Linnea Elisabeth Palmer - 3 år, 12. april

Vi vil gratulere prinsessa vår Linnea Elisabeth med 3-årsdag 12. april! Hipp hipp hurra! Kjempeglad i deg, du er så søt, snill og morsom!

Klem fra Sylvia Marlene, pappa og mamma


Hermine Lindanger - 12 år 30. mai.

Hipp hurra for den flotte jenta vår som fyller 12 år den 30. mai!

Bursdagsklemmar frå mamma, pappa og Albert.

Kontaktliste, lag og organisasjonar

Kontakt jardar.havikbotn@bokn.kommune.no - tlf. 52 75 25 08 - 98 22 15 08 for forandring/supplering av lista

<u>Lag/organisasjon:</u>	<u>Leiar:</u>	<u>E-post:</u>	<u>Tlf:</u>
Austre Bokn Bygdalag	John Øvrebø	austreboknbygdalag@hotmail.com	91771066
Bokn Arbeidarparti	Kyrre Lindanger	kyrre_lindanger@hotmail.com	91671726
Bokn bedehus	Sigmund Alvestad	sigmund@kleivaa.no	99513972
Bokn bondelag	Torstein Alvestad	torstein@kleivaa.no	97155627
Bokn Båtforening	Kaj Arne Christensen	kajch89@hotmail.com	90960035
Bokn Computer Gathering	Vegar Våge	vegar@vpcs.no	48035182
Bokn danse og ungdomslag	Helge Solberg	helgesolberg@yahoo.no	41208066
Bokn Gatebilklubb	Odd Kenneth Tollaksen	odd.kenneth.tollaksen@gmail.com	93087679
Bokn Hagelag	Silje Aksdal	geiaks@online.no	91532843
Bokn Historielag	Reidar Alvestad	reidalv@online.no	45691081
Bokn Høyre	Jostein Larsen	jglarsen@online.no	47866141
Bokn Idrettslag	Trond Vatnaland	trovat@statoil.com	90694350
Bokn KFUK-KFUM speidarar	Svein Ove Alvestad	soalves@online.no	91354082
Bokn Kristelige Folkeparti	Sigmund Alvestad	sigmund@kleivaa.no	99513972
Bokn MC	Jostein Larsen	jglarsen@online.no	47866141
Bokn musikkorps	Odd Grønnestad		90071868
Bokn Mållag	Venevil Birkelund	kongtskjegg@hotmail.com	98439214
Bokn Næringsforum	Helge Solberg	helgesolberg@yahoo.no	41208066
Bokn Pensjonistforening	Gunnvor Eiksund	jeiks@online.no	97545063
Bokn pistolklubb	Jørn Hansen	post@boknpistolklubb.org	47444221
Bokn ride og køyreklubb	Emilie Moi Eikje	emilie.eikje@gmail.com	93216339
Bokn Røde Kors, korpsleiar	Susanne Grønnestad	post@boknrk.no	90529693
Bokn Røde Kors, operativ leiar	Kjetil Vatnaland	post@boknrk.no	93044424
Bokn Røde Kors, adm. leiar	Lars Øyvind Alvestad	post@boknrk.no	94261301
Bokn Sanitetsforening	Reidun Grønnestad		97544010
Bokn Sau og Geit	Geir Aksdal	geiaks@online.no	90954910
Bokn Senterparti	Rune Vatnaland	ruvatn@online.no	91158547
Bokn skyttarlag	Edgar Våge	edgarvaage62@gmail.com	45030004
Bokn vevstove	Wenche Jøsang	ar-joes@online.no	98078351
Den indre Sjømannsmisjon	Svanhild Alvestad	svanhild@kleivaa.no	93415440
Det norske misjonselskap	Edvin Øvrebø		48356520
Føresvik velforening	Hanne Marte Vatnaland	hmvatnaland@gmail.com	93220033
Havnavegen velforening	Ingleif Kro	ingleifk@gmail.com	48179751
HLF Tysvær og Bokn	Anne Grete Stake		
LHL Tysvær og Bokn lokallag	Tove Karin Høgemark		
Petra Fritidklubb	Irmelin Taraldlien	irmelintar@gmail.com	93483032
Pluggen Motorklubb	Artur Trosnavåg	r_trosnavaag@hotmail.com	91198937
Seniordansen, Bokn	Anne Lise Hoffmann	svanos2@online.no	90785943
Sjømannskirken Norsk kyrkje i utlandet	Elly Borgenvik		90647166
Tysvær og Bokn bonde og småbrukarlag	Stig Helgesen		48156697

altibox

Det er vi som har
ekte fiber
helt hjem til deg



Bestill på haugnett.no





28.06.2014

MOSJONSDAG BOKN

BOKN OPPNED MOSJONSLØP (KL.14:00)

8,67 KM - 294 HØYDEMETER

START V/IDRETTSHUSET

PREMIE TIL KLASSEVINNERE OG TREKKING AV PREMIE PÅ STARTNUMMER

KR 100,- V/FORHÅNDSPÅMELDING KR 130,- V/START

TURMARSJ (KL.12:00)

TURSTIEN, START V/IDRETTSHUSET

PREMIE TREKES PÅ STARTNUMMER

KR 50,- OVER 12 ÅR

BARNELØP (KL.13:00) OPP TIL 12 ÅR

START V/IDRETTSHUSET DIPLOM OG PREMIE / GRATIS

START/MÅL, GARDEROBE OG KIOSK MED
BETALINGSTERMINAL VED IDRETTSHUSET
I FØRESVIK



PÅMELDING LØP: POST@BOKNIL.NO

KONTO: 3520.67.20369 INN BETALING MERKES MED NAVN

TOOLS

KJEKT PÅ



BOKN

Grieg
Seafood

coop
marked
bokn

MÆLAND BYGG
NYBYGG & REHABILITERING

HighComp
HighQualityComposites

NIBEAS

BYGGMESTER
ERIK VAGA

WWW.BOKNIL.NO

WWW.PANORAMAS.NO/ROG/BOKN/UTSIKT/UTSIKT/360UTSIKT.HTML

Nytt frå Bokn historielag

Reidar Alvestad

Ope bygdemuseum på sundagar i sommar

På same måten som i fjor sommar vil Bokn historielag også i år ha bygdemuseet på Håland ope på sundagar frå den 29. juni til og med den 10. august. Opningstida er frå kl. 13.00 – kl. 16.00.

Opplegget med sommarope museum er eit samarbeid mellom Bokn historielag og Bokn kommune kor historielaget stiller med vakter. Det var etter måten bra besøk dei fleste sundagane i fjor, og me håpar det blir like bra i år.

Tur til Oksebåsen

Bokn historielag arrangerer tur til Oksebåsen søndag den 15. juni i år. Nåverande eigar av Oksebåsen, Dag-

finn Jørgensen, vil visa oss rundt og fortelja om korleis livet var i Oksebåsen på den tida besteforeldra hans, far hans og dei andre syskena til faren budde der.

Me kjem tilbake til organisering av turen, klokkeslett mv. i Bygdabladet i juni.

Det vil seinare også koma oppslag om turen, pluss oppslag om ope bygdamuseum.



Bokn bygdemuseum vil ha sommarope 29. juni - 10. august.

Det blir tur til Oksebåsen 15. juni.



Foto: Hans Faye



Fyren, Bokn - bu ved havet!

Kommunale tomter kjem for sal, meld di interesse!

Kontakt servicetorget i Bokn kommune, tlf. 52 75 25 00 eller post@bokn.kommune.no





Frå 2. juni finn du May Jorunn på Aksdal-senter

Kontoret på Bokn vert lagt ned 31. mai, og frå måndag 2. juni finn du May Jorunn i banken på Aksdal-senter. Opningstider der er måndag–fredag kl. 9.30–15. Kontoret har minibank og innskotsautomat, men inga kasse.

Du kan også kontakta rådgjevarar på kundesenteret på telefon **02002**. Der har vi ope frå kl. 7–24, sju dagar i veka, 365 dagar i året.

KFL bil og utleige

Utleige av stillas frå	500 kr. pr.v.
Utvendig lakkrens av bil	frå 2.500 kr.
Innvendig reingjering	frå 500 kr.
Skinngleie	frå 500 kr.
Desinfisering av klimaanel.	500 kr.

Utleige av minigravar 2500 kg

Pris døgn	1.000 kr. + mva
Pris veke	5.000 kr. + mva
Pris pusseskuffe	150 kr. + mva
3.500 hengar, døgn	400 kr. + mva

Kjell Frode 907 83 797
John Magne 909 24 964
Epost: kjellfrode75@hotmail.com



- Salg og leveranse av singel og veigrus
- Skaffer også andre steinprodukter ved forespørsel
- Opplasting og bortkjøring av løsmasser

Telefon: 94 98 63 64

Bokn & Tysvær begravelsesbyrå

John Magne Lie
 909 24 964
Kjell Frode Lie
 907 83 797

Har du avlagde kler, sko og leiker?

Kunne du tenkje deg å gi dei til eit godt føremål?

Me har innsamling på Kyrkjebygd kulturhus, i Petra/Artep sine lokale, kvar onsdag kl. 16-20.

Du kan levere i berepose eller i bossekk, og alt må vere reint og heilt.

For at det skal kome fram til dei som treng det, ber me om kr. 10,- for ein berepose, og kr. 50,- for ein bossekk.

Vil du gjerne levere noko frå deg, men har ikkje moglegheit ein onsdag? Ring ein av oss, så kan me avtale ei anna tid og dag.

Innsamlinga er i samarbeid med THK-stiftinga på Karmøy - www.thk.no/

Annette Bokneberg (91 32 82 58) og
Elisabet Taraldlien (46 95 95 13)



www.bygdablade.no - post@bygdablade.no

Blir laga og gitt ut av Bokn kommune. Bladet kjem ut 10 gonger i året. Frist for innlevering av stoff er etter avtale med redaktøren.

Eit abonnement (papir eller PDF) kostar kr. 404,- pr. år, 578,- for både papir og PDF. Abonnementa er gratis for bortebuande skule-elevar og studentar.

Redaktør: Jardar Havikbotn, tlf. 52 75 25 08 - 98 22 15 08
 E-post: jardar.havikbotn@bokn.kommune.no/post@bygdablade.no

Medarbeidarar: Annette Bokneberg/Gro Sørensen

Bygdabladnemnd

Elisabet Taraldlien
 Kjetil Hamre
 Hanne Marte Vatnaland

Gjeldande annonseprisar

Heilside	kr. 2.000,-
Halvside	kr. 1.000,-
Kvartside	kr. 500,-
1/8 side	kr. 250,-
Privatann.	kr. 100,-
Nettannonse	kr. 100,-
Fastannonse	etter avtale

Foto, omslag:
 Stephan Haram



Møteplanar, kommunale styre og utval

Bokn kommunestyre

17.06	kl. 19.00	(Boknatun, 2. etasje)
07.10	kl. 19.00	(Boknatun, 2. etasje)
16.12	kl. 19.00	(Boknatun, 2. etasje)

Bokn formannskap

03.06	kl. 17.00	(Boknatun, 1. etasje)
09.09		
19. og 20.11		
Budsjettkonf.	kl. 17.00	(Boknatun, 1. etasje)
02.12	kl. 17.00	(Boknatun, 1. etasje)

Bokn forvaltningsstyre

04.06	kl. 19.00	(Boknatun, 1. etasje)
27.08	kl. 19.00	(Boknatun, 1. etasje)
22.10	kl. 19.00	(Boknatun, 1. etasje)
03.12	kl. 19.00	(Boknatun, 1. etasje)

Bokn kontrollutval

22.05	kl. 18.00	(Boknatun, 2. etasje)
04.09	kl. 18.00	(Boknatun, 2. etasje)
13.11	kl. 18.00	(Boknatun, 2. etasje)

Bokn sokneråd

27.05	kl. 19.30	(Bokn bedehus)
-------	-----------	----------------



Ledig ungdomsbustad

Det vert ledig ungdomsbustad på Øyrenfeltet, Austre Bokn.

Ungdom i alderen 18-35 år kan søkja om å leiga ungdomsbustad. Kommunen vurderer innkomne søknader og tildele bustad etter kriteriar hjå Husbanken.

Det blir krevd depositum lik to husleiger. Med forbehold om endringar er leiga for tida kr 3.650,- pr mnd.

Søknaden skal sendast Bokn kommune og søknadsfrist er 15. juni.



SVENNEBREV

Velkommen til Hårsmia. Åpent alle hverdager. Fleksibel på lørdager.

Massasje og sminke følger med behandlingen for de som ønsker.

Hilsen Mona



Frisørrommet på Boknaton
- i sentrum av Bokn -

Åpningstider:
tirsdag-fredag

Oddetallsuker:
kl. 09-16
Partallsuker:
fleksible
åpningstider

GOLDWELL

Hilsen fra
Anita

99 32 55 34
52 74 85 34

GOLDWELL

DAGSENERET

Ope kvar tysdag kl. 10.00 - 14.00
Trenge du skyss, blir du henta på døra.

Nye brukarar blir spesielt ønska velkomne.

Påmelding på tlf. 93 09 39 98

Mariann Skjelde - aktivtør

**NAV BOKN**

Kontortid kl. 9.00 - 14.30

Telefontid kl. 8.00 - 15.30

Kundesenteret: tlf. 55 55 33 33

Bengt Krystad - leiar

SERVICETORGET

Tlf.: 52 75 25 00 kvar dag 08.30- 15.00

Me kan t.d. hjelpa deg med:

- generell informasjon om ulike tenester
- kontakt med rett saksbehandlar i kommunen
- utdeling av skjema
- utleige av kommunale lokaler, eksl. bustader
- informasjon om utval, møter og dokumenter
- endring av skattekort
- utfylling og innlevering av flytteskjema
- innlevering av selvangivelser og kontakt med likningskontoret
- bustøtte - Husbanken
- økonomisk gjeldsrådgivning
- innsyn i kommunens dokumenter/arkiver
- sal av bygdabøker, boknaspennå, krus, m.m.
- kopiering

Direkte nr.: 52 75 25 10 - 52 75 25 11

E-post: post@bokn.kommune.no

BOKN TANNKLINIKK

Kontortid tysdagar kl. 08.30 - 15.10
Tlf. 52 75 25 80

Timebestilling kan også gjerast via Tysvær tannklinikk, tlf. 52 75 45 20

Tannlege Ingjerd Hope Myklebust

LANDBRUKSKONTORET

Det er slutt på kontordag på Boknaton.

Du kan kontakta landbrukskontoret på Tysvær rådhus i Aksdal.

Bjørn Bruaset: 52 75 71 75
Emilie Moi Eikje: 52 75 77 69

BOKN FOTTERAPI

Heimelokale, Øyren 16

Timebestilling tlf. 99 70 74 28

Rita Bokneberg - fotterapeut

BOKN LEGEKONTOR

Kvar tysdag og fredag samt onsdagar i partallsveker.
Åpningstider 08 - 15.30.
Telefontider 08-11 og 13-14.
Telefon 52 75 25 40.

Ved behov for øyeblikkeleg hjelp, ring Bokn Legevakt 52 74 85 22 (heile døgnet).

Ved livstruande tilstand, ring 113.

Timebestilling på internett eller SMS, sjå www.bokn.no for meir info.

Jan Schille - lege

PSYKISK HELSETENESTE

Kontortid mellom kl. 08.00 - 14.00 alle dagar, torsdag ope til kl 15.30.

Direktenr.: 52 75 25 36

Mobilnummer: 40 41 05 70

(me er lettast å få tak i på mobil)

EP: grethe.e.heimvik@bokn.kommune.no
miriam.berland@bokn.kommune.no

HELSESØSTER

Helsestasjonen er open måndagar, tysdagar og onsdagar kl. 08.00 -15.30
Tlf: 52 75 25 43

Du kan ellers kontakta Henriette på mobil 93 85 14 09

Henriette S. Lindanger - helsesøster

JORDMORTENESTA

Jordmor vert å treffa på fysioterapirommet måndag i oddetallsveker.

Du kan kontakta jordmor Bodil på tlf. 40 41 12 61

Timebestilling: Ta kontakt med Bodil på mobil 40 41 12 61

Bodil Ljones Auestad - jordmor

BOKN FYSIOTERAPI

Onsdag og torsdag kvar veke

Tysdag - onsdag - torsdag kvar tredje veke
- tlf. 52 75 25 33 - 91 61 23 91

Ta kontakt for avtale.

Smerter i muskler og ledd? Ta direkte kontakt.

Geir Austvik - fysioterapeut

Annonsér i
Bokn Bygdablad

Konfirmantar 2014



Bak fv. Simmen Karoliussen, Raymond Hognaland, Sverre Trosnavåg, Rune Hognaland, Joachim Ognøy Paulsen, Joakim Skjelde, Torfinn Mandius Alvestad og Jonas Løvereide Faye.

Framme fv. Kristina Kallevik Hanssen, Linn Sørvaag, Målfrid Kvinnesland Øvrebø, Ida Havikbotn, Gina Grønne-
stad Johannessen, Malena Hognaland og Eline Foss Øvrebø.

Jonas Løvereide Faye blei konfirmert i Festiviteten i Haugesund 26. april. Dei øvrige blei konfirmerte i Bokn kyrkje 4. mai.

Bygdabladet gratulerer!